



29. september 2008

## FEM OPERATØRAR ØNSKJER Å KØYRE BUSS I NORDHORDLAND

Skyss kunngjorde 27. juni 2008 konkurranse om kontrakt for utføring av bussruteproduksjonen i Nordhordland for perioden 16. august 2009 - 15. august 2016. Dette er sjette område som vert konkurranseutsett i Hordaland og omfattar ruteproduksjonen i kommunane Austrheim, Radøy, Meland, Masfjorden og Lindås. Omfanget av ruteproduksjonen i Nordhordland er estimert til 3 124 000 rutekilometer pr. år og omfattar all rutetransport inkludert skoleskyss.

Følgjande selskap har i dag levert inn tilbod for å utføre bussruteproduksjonen i Nordhordland:

- Concordia Bus Norge AS
- Fjord 1 Partner AS
- Nettbuss Vest AS
- Tide Buss AS
- Veolia Transport Sør AS

Prisen i dei innleverte tilboda varierer frå kr 94 411 000 til kr 148 973 195.

Vinnaren av anbodskonkurransen vil bli kåra ut i frå ei vurdering av tildelingskriteria pris, kvalitet og miljø. Etter planen vil tildeling av kontrakt bli gjennomført i løpet av oktober 2008.

---

### Kontaktpersonar:

Oddmund Sylta, direktør i Skyss: mob. 932 30 401 / dir. 55 23 93 94

Tom-Christer Nilsen, fylkesvaraordfører: mob. 924 50 196 / dir. 55 23 90 15

Gustav Bahus, leiar av Samferdselsutvalet i Hordaland fylkeskommune: mob. 415 52 100